



## PÅMELDING BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE SKULEÅRET 2022/2023

Søknadsfrist: **1. august 2022.**

Påmelding via elektronisk skjema: Bokn Kommune, Kulturskulen.

Skulle det oppstå problem med påmelding, send mail til

[atovrebo@boknskule.no](mailto:atovrebo@boknskule.no).

### **Piano:**

Lær deg å spela, eller hald fram med å utvikla talentet ditt, hos vår dyktige lærar, Venevil Birkelund.

Mykje kjekt ein kan vera med på, om ein ynskjer det. Oppdrag ein til dømes kan få tilbod om er å spela under lokale arrangement eller for lag og organisasjonar. Om ein vil, kan ein også melda seg på Ung Kultur Møtes (UKM, 13 - 20 år).

Ofte har pianoelevane elevkonsert før jul og før sommarferien, der ein kan få visa kva ein har jobba med i løpet av året.

Lærar: Venevil Birkelund.

20 minutt undervisning pr. veke. Time etter avtale.

Pris pr. halvår kr. 1200,-.



### **Boknakoret:**

Boknakoret har eit godt og triveleg samarbeid saman med koret, Aksang, og i utgangspunktet øver me anna kvar gong på Bokn og i Akسدal. (Me organiserer oss i forhold til køyring).

Me har nokre veldig kjekke prosjekt på gang for året som kjem og me håpar at DU har lyst å vera med!

Me ynskjer nye medlemmar hjarteleg velkommen! Ein treng ikkje å kunne notar for å vera med! Her er det låge skuldre og høg trivselsfaktor!

Kom og bli med! 😊

Klokkeslettet for øvingane:

Bokn: 19.00 – 21.00.

Aksdal: 19.30 – 21.30.

Dirigent/leiar: Anne Tove Øvrebø.

Alder: Frå 8. klasse og oppover.

Øvingsdag: Tysdagar.

Pris pr. halvår opp til 18 år kr. 1000,-.

Pris pr. halvår for vaksne over 18 år kr. 1500,-.



Les **Retningslinjer for elevplass** for vidare informasjon om m.a. opptak, bindingstid, søskenmoderasjon, venteliste, utmelding m.m..

Håpar på god pågong, og at det blir eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

Anne Tove Øvrebø

Rektor Bokn musikk- og kulturskule

Mail: [atovrebo@boknskule.no](mailto:atovrebo@boknskule.no)

Tlf.: 90 03 15 18